
Saksnr: 2020/44278-10
Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet		

Gjennomgang av møteprotokollar**Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet tar møteprotokollane til orientering.

Samandrag

I denne saka er tanken at kontrollutvalet skal gjera ei vurdering av saker i møteprotokollar frå andre politiske utval i Vestland fylkeskommune.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
seniorråddevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I denne saka er tanken at kontrollutvalet skal gjera ei vurdering av saker i møtebøker frå andre politiske utval i Vestland fylkeskommune. Kontrollutvalet kan be om nærare informasjon om enkeltsaker og drøfte ulike problemstillingar som ein finn av særleg interesse i protokollane. Dette er ein av fleire måtar å gjera seg kjent med det politiske arbeidet i fylkeskommunen, og kunna fanga opp saker som no eller på eit seinare tidspunkt kan vera eit aktuelt saksfelt for kontrollutvalet.

Møtebøkene kan lastast ned frå heimesida til fylkeskommune, <https://innsyn.vlfk.no/Innsyn/dmb> .

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse til å handsame sak om gjennomgang av møteprotokollar, jf. kommunelova § 23-2.

Vurderingar og verknader

Kontrollutvalet vart i møte 25.11.2019 samde om å dela jobben med å lesa gjennom møteprotokollane før møta i utvalet slik:

Politisk organ:	Kontrollutvalsmedlem:
Fylkestinget	Odd Erik Lind
Fylkesutvalet	Dan Femoen
Finansutvalet	Iiril Schau Johansen
Hovudutval for opplæring og kompetanse	Ingrid Handeland
Hovudutval for samferdsel og mobilitet	Renate Møgster Klepsvik
Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon	Jostein Ljones
Hovudutval for kultur, idrett og integrering	Lars Fjeldstad

Følgjande møteprotokollar er aktuelle å gjennomgå i dette møtet:

- Fylkestinget 09. - 10.03.2021
- Fylkesutvalet 18.02. og 02.-03.03.2021
- Finansutvalet 02.03.2021
- Hovudutval for opplæring og kompetanse 17.02.2021
- Hovudutval for samferdsel og mobilitet 17.02.2021
- Hovudutval for næring 22.01. og 17.02.2021
- Hovudutval for kultur, idrett og integrering 17.02.2021

Konklusjon

Dersom det ikkje kjem fram noko spesielt i gjennomgangen av protokollane vert det tilrådd at kontrollutvalet tar møteprotokollane som går fram av saksframstillinga over til orientering.